

Blir innsett som sokneprest 15. august

17.06.2010



Sundag 15. august blir Ole Kristian With Due (26) innsett som sokneprest i Uskedal sokn. under ei familiegudsteneste og innsetningsgudsteneste i kyrkja. Han skal ha Husnes og Holmedal sokn og Uskedalen sokn som tenestestad.

Det blir med andre ord ei nyorientering med omsyn til samarbeid med Husnes prestegjeld ettersom Uskedalen til no har vore knytt til Kvinnherad prestegjeld.

Den nye soknepresten skal bu i prestebustaden på Valen og ha kontor på Husnes kyrkjekontor.

Han skal ha eit særleg ansvar for konfirmantarbeid, dåpsopplæringsplan og kontakt mellom kyrkje, skule og barnehage ibegge sokna. Han skal også bruke noko av tida på ungdomsarbeid.

With Due er oppvaksen i Hamarøy i Nordland og budde i Molde frå han var 10 år.

Han vart utdanna til prest ved Misjonshøgskolen i Stavanger og er for tida feltprest ved Bodø Hovedflystasjon.

På biletet er den nye soknepresten saman med kona Ragnhild og sonen Per Kristian på 9 månader.

Av Ola Matti Mathisen